

Rekordbasar for helselaget: 45.500 kroner!

13.03.2011



Karoline Neset og bestemor Eva Myklebust hadde vinnarlukke

Fantastisk er ordet helslagsleiar Selma Eik nyttar når ho skal karakterisera den tradisjonelle basaren i Helgheim i kveld. Sluttsummen teiknar til å bli 45.500 kronar og det er ein klar ny rekord.

Den tidlegare rekorden var 38.000 og den vart sett for 2 år sidan medan fjorårssummen var 32.000.



[Selma Eik opnar basaren - til venstre står Sella Hjønnevåg](#)

Allereie før sjølve basaren var tala lovande: Eit iherdig sal av lodd hadde gjeve 25.000 i kassa og det låg an til rekord.



[Det kom 80 på helselagsbasaren!](#)

Likevel var det ei hyggeleg overrasking at det kom så mange som 80. i Helgheim og dei var i tillegg svært rause. No står helselaget enda betre rusta til å støtta humanitære føremål både lokalt og utanfor Kvinnherad. Men den neste fordeling av overskotet vil først skje om eitt år- Både uskedelingar og andre kom til basaren, som vart avvikla smertefritt og heilt i tråd med tradisjonen. Her vart både árar og lodd nytta i tillegg til bøker og midt i basaren var det ei triveleg matpause. Gevinstane var mange og mangfaldige og særleg gjorde det inntrykk at det også denne gongen var mykje strikka og hekla.

Selma Eik leia basaren sikkert og myndig og opna med 'No livnar det i lundar' som alltid før. Og ho sa ein setning som gjorde inntrykk på bakgrunn av det som har skjedd på katastrofeplanet i det siste: - Vi er heldige i Noreg som kan møtast på denne måten.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Her er åresalet igang - det var 4 rundar med årer.